



Foto: Båtlaget Braute

# Årsmelding og rekneskap 2005

**FOLK**

folkekulturforbundet

VågåNæringsshage 2680Vågå - Tlf61217701 - post@folkekultu**no**

# Innhald

## KAPITTEL 1

**Arbeidet i perioden** side 3

## KAPITTEL 2

**Organisasjon** side 5

Medlemmer side 5

Styret side 5

Årsmøtet side 6

Fylkesledd side 6

## KAPITTEL 3

**Drift og administrasjon** side 7

Lokalisering side 7

Personale side 7

Arbeidsoppgåver side 7

Informasjon og materiell side 7

Reise side 7

Kontrollverksemd side 7

## KAPITTEL 4

**Studieaktiviteten** side 8

Statlege tilskot side 8

Tilskot til medlems-  
organisasjonane side 8

Generelt tilskot til  
kompetanseheving side 8

Studietimar delt på  
organisasjon side 9

Fylkesstatistikk side 10

Emnestatistikk side 11

Særlege målgrupper side 11

Reisestipend side 12

## KAPITTEL 5

**Utviklingsarbeid** side 13

Pedagogiske

utviklingsmiddel side 13

Studiering på

høgare nivå side 13

## KAPITTEL 6

**Prosjekt** side 15

Folkekultur for alle side 15

Frivillighetens lærings-  
landskap side 15

Leonardo side 15

Grundtvig side 16

## Kapittel 1:

# Arbeidet i perioden

I 2005 gjennomførte organisasjonane i Folkekulturforbundet (FOLK) 3.450 kurs med til saman 103.222 timar. Det vil seie at det vart rapportert inn omlag 5.000 færre timar i 2005 enn i 2004. Dette er ei utvikling styret vil følgje nøye. Året var likevel prega av stor aktivitet og det vart lagt ned mykje godt arbeid i prosjekt- og utviklingsarbeid.

Siste del av året bar preg av framlegg til, og seinare vedteke statsbudsjett for 2006. Budsjettet reduserte løyvingane til vaksenopplæring i frivillige organisasjonar med 35 prosent. Vi har brukt mykje tid og krefter på å finne måtar å leva med dette budsjett på. Særleg har det vore viktig å få ut informasjon til alle ledd i organisasjonane. Styret gjennomførte eit eiga leiarmøte for å sikre god dialog med organisasjonane.

Også i 2005 gjekk Folkekulturforbundet (FOLK) inn i samarbeid med nye organisasjonar, Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting og Organisasjon for Scenekjempere. Med desse har vi 25 organisasjonar som er medlemmer eller har samarbeidsavtale med FOLK.

Stram økonomi har skapt store utfordringar i drifta av forbundet. Styret meiner likevel at vi gjennom fornuftig og gjennomtenkt bruk av ressursane, har fått gode resultat av arbeidet.

Folkekulturforbundet har i 2005 utvikla ny design. Ny logo og ny forkorting (FOLK) er teke i bruk. Fornyinga handlar ikkje berre om å ha eit pent design på trykksaker. Gjennomgangen av profilprogrammet førde òg til eit auka medvit om korleis vi presenterer Folkekulturforbundet i ulike formar og fora.

Styret seier seg nøgd med aktiviteten i 2005, og takkar samstundes dei tilsette for stort engasjement og særst godt arbeid. Dei ulike arbeidsområda blir presentert seinare i årsmeldinga.

**I 2005 avslutta vi planperioden for strategisk plan. Det er derfor høveleg å sjå på måloppnåing for heile perioden 2003 til 2005.**

### 1. Kulturell opplæring og kunnskapsformidling

*"Ta vare på og føre vidare folkeleg kultur gjennom å legge til rette for kulturell opplæring".*

#### Mål:

*Folkekulturforbundet skal vekse med 10% studietimar og deltakarar i perioden.*

I 2002 hadde vi 108.409 timar. Timetalet auka til nærare 114.000 i 2003, men gjekk attende dei to siste åra. I 2005 hadde vi 103.222 timar. Utviklinga for talet på deltakarar er omtrent lik timeutviklinga. Frå eit tal på 28.666 i 2002 var vi oppe i drygt 30.000 i 2003 og gjekk så attende til 27.857 i 2005. Målet om 10% auke er ikkje nådd.

### 2. Nettverksbygger

*"Bygge og halde ved like relevante nettverk innanfor og utanfor organisasjonane"*

#### Mål:

*Ha i drift minst eit prosjekt som inkluderer fleire av medlemsorganisasjonane og eksterne bidragsytarar, og som vert synleg i samfunnet."*

Kursa "Norsk folkelig dans" og "Drakt og samfunn" er samarbeid mellom FOLK og ein eller fleire av medlemsorganisasjonane. Desse kursa har gått heile planperioden.

Prosjektet "Folkekultur for alle" starta opp i 2003 og vart avslutta i 2005. Prosjektet involverer alle

organisasjonane, og sporar til meirinnsats for kurs for "særlege målgrupper".

Leonardo-prosjektet "From Head to Toe" vart sett i gong i 2004. Det same vart prosjektet "Frivillighetens læringslandskap." Gruntvig-prosjektet "Social Inclusion in Action" starta opp i 2005. Alle desse prosjekta involverer og er viktige har betydning for, medlemsorganisasjonane.



### 3. Brukarorientert

*"Vere individorientert og inkluderande, ta omsyn til dei ulike brukarane sine behov, vere oppteken av å gjere systemet betre og enklare."*

Mål:

*Folkekulturforbundet skal i perioden ha minst 20% nye kursarrangørar.*

Talet på kursarrangørar syner den same utviklinga som talet på studietimar. Det auka frå 620 i 2002 til 655 i 2003, men fall så til 635 i løpet av 2004 og 2005. Heller ikkje her har vi nådd målet om kvantitativ vekst.

### 4. Utviklingsorientert

*"Ha fokus på utvikling"*

Mål:

*Folkekulturforbundet skal i perioden nå nye målgrupper og lage system for å ivareta dei.*

"Folkekultur for alle" har vore ein viktig reiskap for å nå nye målgrupper. Kurs for særlege målgrupper er ein svært liten del av den totale aktiviteten til FOLK, men det er ein viktig del av arbeidet med å nå nye grupper. Tala på kurs for denne gruppa har ein omvendt utvikling av det vanlege kurs har. Talet på kurs, deltakarar og timar gjekk ned i 2003 for så å auke jamt og trutt slik at nivået no er om lag det same som i 2002.

I samband med prosjektet har vi utvikla eit nettverk av lokale eldsjeler. FOLK har i perioden arbeidd med å vidareutvikle nettverket og halde det ved like.

*kilde til inspirasjon  
og kunnskap,  
samhold  
og glede*

## Kapittel 2: Organisasjon

### Medlemmer

DIS-Norge,  
Forbundet KYSTEN (FK),  
Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS),  
Kringkastingsringen,  
Landslaget for lokalhistorie (LLH),  
Noregs Mållag (NM),  
Noregs Ungdomslag (NU),  
Norges Husflidslag (NH),  
Norsk Amatørteaterforbund (NATF),  
Norsk Kulturarv,  
Norsk Målungdom (NMU)  
Vestlandske Teatersenter (VT).

### Samarbeidsavtaler

Båtlaget Braute,  
Fortidsminneforeningen,  
Landslaget for lokalhistorie i skolen (LLS),  
LUFS-Landslaget for nærmiljøskolen (LUFS),  
Norges museumsforbund,  
Norsk Forening for Fartøyvern (NFF),  
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting (NFKS),  
Norsk Quilteforbund (NQF),  
Norsk selskap for fotografi (NSFF),  
Organisasjon for Scenekjempere i Norge (OfScen) ,  
Rosegården Teaterhus ),  
Vestnorsk kulturakademi (VKA).

Norsk Kulturarv vart teken inn som ordinær medlem i 2005. Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting og Organisasjon for Scenekjempere i Norge fekk samarbeidsavtale i 2005.

### Styret

#### 01.01.05 – 23.05.05

Tove Gulsvik (NH) leiar  
Marit Jacobsen (NU) nestleiar  
Svein Rød (NH) styremedlem  
Trine Hild Blixrud (HATS) styremedlem  
Tore Friis-Olsen (FK) styremedlem  
Hallvard Julseth (NU) 1.varamedlem  
Helen Hansen (NATF) 2. varamedlem  
Jostein Molde (LLH) 3. varamedlem



#### 23.05.05 – 31.12.05

Marit Jacobsen (NU) leiar  
Tore Friis-Olsen (FK) nestleiar  
Grete Seppola (NH) styremedlem  
Trine Kahrs (NH) styremedlem  
Liv Hege Nylund (NATF) styremedlem  
Hallvard Julseth (NU) 1.varamedlem  
Per Bogstad Gulliksen (HATS)  
2.varamedlem  
Magnus Bernhardsen (NM)  
3.varamedlem

Styret har hatt fem styremøte og behandla 41 saker. I tillegg vart det halde eit leiarmøte der leiarane i alle medlemsorganisasjonane var inviterte.

#### Årsmøtet 23.05.05

Årsmøtet vart også dette året halde i lokala til Forbundet KYSTEN på

Akershus kai i Oslo. 13 representantar frå medlemsorganisasjonane møtte fram, fem frå styret og seks frå kontoret/prosjekta.

Etter møteslutt orienterte Annbjørg Ramstad frå Kultur- og kyrkjedepartementet om "Frivillighetsdepartementet" sine arbeidsoppgåver og ansvar. Mette Vårdal gjekk gjennom statistikk og tal etter opninga av årsmøtet. Åse Vigdis Festervoll la fram utgreiinga om "Voksenopplæring i frivillige organisasjoner" og Trine Thommessen presenterte forskingsprosjektet "Frivillighetens læringslandskap". Desse prosjekta er med i strategi- og verksemdsplan for neste periode.

Årsmøtet handsama desse sakene:

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2004
3. Revidert rekneskap 2004
4. Søknad om medlemskap
5. Strategi og verksemdsplan 2006 – 2008
6. Budsjett for 2006
7. Val



### Fylkesledd

FOLK har fylkesledd i alle fylka i landet. Dei lokale medlemsorganisasjonane har ulike behov for samarbeid på fylkesplan.

I oktober 2005 vart det arrangert ei samling for fylkesledda på Gardermoen. Tema var fylkesledda si rolle og deira

oppgåver. Sju representantar frå fylka møtte.

Aktiviteten til fylkesledda er varierende. Alle fylka har ein kontaktperson:

Fylkeskontaktar:

Østfold	Kari Filberg Norges Husflidslag
Akershus	Liv Lønskog Norges Husflidslag
Oslo	Alf Steinar Nekstad Noregs Ungdomslag
Hedmark	Margit Bredeesen Norges Husflidslag
Oppland	Kirsten Rolandsgard Noregs Ungdomslag
Buskerud	Kjell Olav Grøndalen Noregs Ungdomslag
Vestfold	Per Ola Norshus Noregs Ungdomslag
Telemark	Knut Olsen Noregs Ungdomslag
Aust-Agder	Bente H. Lyding Norges Husflidslag
Vest-Agder	Kari Mysen Norges Ungdomslag
Rogaland	Unni Sivertsen Norges Husflidslag
Hordaland	Toril F. Velure Norges Husflidslag
Sogn og Fjordane	Kjellbjørg Haugen Norges Husflidslag
Møre og Romsdal	Harald Ornbostad Noregs Ungdomslag
Sør-Trøndelag	Ivar Dypvik Norges Husflidslag
Nord-Trøndelag	Arnt Stavset Noregs Mållag
Nordland	Gerd Aase Norges Husflidslag
Troms	Torgunn Andreassen Norges Husflidslag
Finnmark	Anne Grethe Pedersen Norges Husflidslag

## Kapittel 3: Drift og administrasjon

### Lokalisering

Kontoret har adresse Vågå Næringshage, 2680 Vågå. Hausten 2005 flytte vi inn i det gamle ysteriet i Vågå som har blitt del av næringshagen sitt kontorareal.

### Personale

I 2005 var desse tilsett i

Folkekulturforbundet:

Dagleg leiar Kjærsti E. Gangsø (100%)

Studiekonsulent Mette Vårdal (100%)

Studiekonsulent Yvonne Nyhus (100%)

Kontormedarbeidar Tone Heskestad (50%)

Studiekonsulent Bjørg Schultz (25%)

Studiekonsulent Sølvi Brekke (100%), pensjonert 01. mai.

Åse Vigdis Festervoll og Trine

Thommesen har vore engasjerte som prosjektleiarar.

### Arbeidsoppgåver

FOLK har ansvar for handsaming av søknader og utbetaling av tilskot til vaksenopplæringa i medlemsorganisasjonane. Opplæring og informasjon om korleis tilskotsordninga er organisert er òg ei viktig arbeidsoppgåve. I tillegg kjem utviklingsprosjekt som FOLK er involvert i. FOLK driv òg lobbyverksemd mot politikarar og byråkratar for å oppretthalde vaksenopplæringstilskotet til dei frivillige organisasjonane. Hausten 2005 kom vedtaket til nytt statsbudsjett med ein reduksjon på 35 prosent Dette førde til mykje aktivitet for å freiste omgjere vedtaket, og mykje arbeid med å informera om konsekvensane ute i medlemsorganisasjonane.

### Informasjon og materiell

Informasjon går føre seg kontinuerlig gjennom dei kommunikasjonsmidla vi har tilgjengeleg. På slutten av året fekk heimesida ei ansiktsløfting samstundes som FOLK tok i bruk nytt designprogram. Alle skjema er tilgjengelege på heimesida [www.folkekultur.no](http://www.folkekultur.no)

### Reise

Vi freistar å oppfylle medlemsorganisasjonane sine ønskje om å vere til stades på arrangement så langt vi har høve til. I 2005 var vi til stades på 15 samlingar med til saman 500 deltakarar.

I 2005 arrangerte FOLK eit eige medarbeidarkurs for lokale studieleiarar på Gardermoen. Det var 27 personar frå 19 lag til stades. Desse organisasjonane var representerte: Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, HATS og Forbundet KYSTEN. [SjuFire](#) fylkesledd var også representerte.

Programmet for samlinga var ein gjennomgang av korleis vaksenopplæringstilskotet fungerer og korleis ein kan søke. Det var og ein bolk om "Folkekultur for alle."


### Kontrollverksemd

[FOLK forvaltar](#) eit statstilskot på vegne av medlemsorganisasjonane. Lov om vaksenopplæring ligg til grunn for tilskotet. FOLK plikter å sjå til at tilskotet vert nytta i tråd med føremålet. Kunnskapsdepartementet sin revisjonsinstruks stiller krav til kontrollen skal utførast. [Stikkprøvekontrollar](#) vert [jamleg gjennomført for å sjå til at alt går rett for seg.](#)

formaterte

formaterte

## Kapittel 4: Studieaktiviteten



### Statlege tilskot

Tilskot frå Utdannings- og forskingsdepartementet:

2003	2004	2005
8.920.000	9.335.000*	9.071.000

\* 160.000 er tilskot øyremerka Kopinor

### Tilskot til medlemsorganisasjonane

I tillegg til timetilskotet til kvart kurs, overfører FOLK noko av det statlege tilskotet direkte til medlemsorganisasjonane. Gjennomsnittleg studietimetal dei siste tre åra avgjer kor stor del av denne potten kvar organisasjon får:

### Generelt tilskot til kompetanseheving:

Norges Husflidslag	337.500
Noregs Ungdomslag Hålogaland	168.750
amatørteaterselskap	71.870
Forbundet KYSTEN	15.630
Norsk Amatørteaterforbund	31.250
Noregs Mållag	5.000
Landslaget for lokalhistorie	5.000
Norsk Målungdom	5.000
DIS-Norge	5.000
Vestlandske Teatersenter	5.000
<b>Sum</b>	<b>650.000</b>

Organisasjonar med samarbeidsavtale får ikkje dette tilskotet.





## Studietimar delt på organisasjonane

	2003	2004	2005
Båtlaget Braute	434	469	379
DIS-Norge	216	195	101
Forbundet KYSTEN	3.790	3.090	3.187
Folkekulturforbundet	3.029	637	618
Hålogaland Amatørteaterselskap	15.218	11.979	8.202
Landslaget for lokalhistorie	294	92	71
Landslaget for lokalhistorie i skolen	29	45	34
Norsk Amatørteaterforbund	5.939	5.913	5.161
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	-	-	13
Norges Husflidslag	58.359	56.664	56.161
Norsk Kulturarv	1.386	1.632	1.507
Noregs Mållag	406	289	193
Norges museumsforbund	254	231	578
Norsk Målungdom	141	77	25
Norges quilteforbund	602	787	879
Norsk Selskap for Fotografi	-	183	247
Noregs Ungdomslag	25.930	24.710	24.559
Organisasjon for Scenekjempere i Noreg	-	-	32
Rosegården Teatersenter	60	48	0
Vestnorsk Kulturakademi	553	983	1.055
Vestlandske teatersenter	553	486	220
<b>Sum</b>	<b>113.875</b>	<b>108.510</b>	<b>103.222</b>

Nedgangen i studietimetall held fram også gjennom 2005. Den største nedgangen finn vi i teaterorganisasjonane der særskilt HATS har ein stor nedgang. Dei store organisasjonane som Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag har òg ein liten nedgang. Nokon av dei små forbunda har derimot ein etter måten, stor auke. Døme er Forbundet KYSTEN, Norges museumsforbund og Norges Quilteforbund.




Gjennomsnittleg lengd på kursa har gått noko ned det siste året, frå 31 timar til 30. Det kjem av at det har vorte færre av dei lange teaterkursa. Talet på deltakarar per kurs held seg heilt stabilt på gjennomsnittleg åtte. Tendensen til at kurs med lærar vert avløyst av kurs utan lærar, held fram og forsterkar seg også gjennom 2005. Det var ein nedgang frå 80.964 timar med lærar i 2004, til 75.213 timar i 2005.

Medan det var ei auke frå 27.546 timar utan lærar i 2004, til 28.009 timar i 2005. Det er framleis i Norges Husflidslag denne tendensen er sterkast, men i 2005 hadde også Noregs Ungdomslag ei utvikling der større del av kurstimane var utan lærar.

Tekstile fag fester grepet som det største fagområdet, og aukar i prosent i høve til i fjor. Det er teaterkurser som minkar. Dei andre emna held seg stabile.

### Fylkesstatistikk

Fylke	2005			Timar 2004	Timar 2003
	Kurs	Deltakarar	Timar 2005		
Østfold	112	814	2.872	2.739	2.796
Akershus	467	3.413	12.496	12.275	13.250
Oslo	134	1.342	3.626	3.946	5.062
Hedmark	211	1.561	5.787	5.577	5.908
Oppland	170	1.275	6.119	6.535	6.302
Buskerud	94	712	2.818	2.540	2.567
Vestfold	138	1.068	4.136	4.454	5.156
Telemark	50	473	1.457	1.625	1.624
Aust-Agder	125	1.006	4.057	4.795	4.506
Vest-Agder	120	1.147	3.262	2.939	3.185
Rogaland	244	1.811	5.936	6.153	5.238
Hordaland	289	2.652	8.453	9.209	9.102
Sogn og Fjordane	133	1.085	3.656	3.007	2.989
Møre og Romsdal	180	1.573	5.802	4.955	5.452
Sør-Trøndelag	145	1.187	4.927	6.088	4.724
Nord-Trøndelag	114	856	3.698	4.555	4.750
Nordland	339	2.866	10.572	10.829	12.031
Troms	345	2.727	10.634	15.017	17.946
Finnmark	40	289	1.204	1.272	1.287
<b>SUM</b>	<b>3.450</b>	<b>27.857</b>	<b>103.222</b>	<b>108.510</b>	<b>113.875</b>



Emne	Kurs		Deltakarar		Timar	
	Kurs	%	Deltakarar	%	Timar	%
<b>Tekstil</b>	1.507	44%	10.483	38%	41.609	40%
<b>Teater</b>	453	13%	3.802	14%	22.960	22%
<b>Tre</b>	342	10%	2.407	9%	11.445	11%
<b>Folkedans</b>	366	11%	5.268	19%	8.928	9%
<b>Teikning/måling</b>	170	5%	1.179	4%	3.694	4%
<b>Husstell</b>	66	1,9%	486	1,7%	1.180	1,1%
<b>Organisasjon</b>	42	1,2%	415	1,5%	937	0,9%

### Særlege målgrupper

I 2005 heldt arbeidet med å auke talet på kurs for særlege målgrupper fram. Gjennom prosjektet "Folkekultur for alle" har det vore retta mykje merksemd mot dette arbeidet. Det er Norges Husflidslag som står for heile auka i denne målgruppa. Det er òg i Norges Husflidslag at denne type kurs har fått mest merksemd. Talet på kurs for særlege målgrupper er så lågt at det er vanskeleg å trekke klare konklusjonar, men vi kan slå fast at det er ei auke. (Sjå òg kapitlet om prosjekt.)



	§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
<b>Delt etter organisasjon</b>				
Folkekultur-forbundet	95.858	16	104	236
HATS	6.930	1	4	96
Norges Husflidslag	94.097	21	152	556
Noregs Ungdomslag	54.183	7	115	144
<b>Delt etter fylke</b>				
Østfold	9.938	2	20	36
Akershus	25.827	5	34	177
Oslo	16.540	4	32	152
Hedmark	5.312	2	17	27
Oppland	4.073	2	13	27
Aust-Agder	13.785	3	13	64
Vest-Agder	16.100	2	40	30
Rogaland	30.183	5	69	114
Hordaland	2.400	1	12	30
Nord-Trøndelag	95.858	16	104	236
Troms	11.523	2	15	112
Finnmark	9.928	1	6	27
<b>Sum</b>	<b>241.468</b>	<b>45</b>	<b>375</b>	<b>1032</b>

### Reisestipend

Desse fekk reisestipend frå  
Voksenopplæringsforbundet i 2005:

- Per Bogstad Gulliksen (HATS) for reise til Brasil, med mål å studere teaterforma Forumteater
- Ivar Dybvik (FOLK Sør-Trøndelag) for reise til Belgia med mål å studere vaksenopplæring i EU-systemet
- Anne Liv Tønnesen (Norges Husflidslag) for reise til Frankrike, med mål å auke kompetansen i pilfletting
- Anita Andreassen ([Forbundet KYSTEN](#)) for reise til Shetland, Færøyene og Island med mål å knytte kontakt med miljø som er

engasjert i tradisjonsformidling og handverk i kystkultur.



## Kapittel 5: Utviklingsarbeid

### Pedagogiske utviklingsmiddel

Folkekulturforbundet søker på vegne av medlemsorganisasjonar utviklingsmiddel gjennom VOX - nasjonalt senter for læring i arbeidslivet. I 2005 fekk desse organisasjonane utviklingsmiddel:

- Hålogaland Amatørteaterselskap for "Hamlet – todelt workshop" – 100.000
- Norges Husflidslag for "Kvalitetssikring av kurs og tradering husflid- og håndverksfag" – 28.000
- Folkekulturforbundet for "Folkekultur for alle" – 150.000



### Studiering på høgare nivå

FOLK har høve til å gjennomføre studiering på høgare nivå. Det faglege innhaldet må godkjennast av eit universitet eller ein høgskule. Studieringen kan gjennomførast av FOLK/ medlemsorganisasjonane aleine, og gjev då ikkje formell kompetanse. Studieringen kan òg gjennomførast i samarbeid med universitet eller høgskule slik at studentane får formell kompetanse.

I samarbeid med NTNU-videre driv FOLK tre studium.

### "Drakt og samfunn"

er eit studium i drakthistorie som FOLK driv saman med NTNU-videre og Bunad- og folkedraktrådet. Undervisninga er delt mellom sjølvstudering og fire vekesamlingar på Fagernes. Fire kull har gått gjennom studiet, og det femte er i gang skuleåret 05/06. [Til saman har](#) 114 studentar delteke i studiet. 30 studiepoeng.

### "Norsk folkelig dans"

driv FOLK i samarbeid med NTNU-videre og Rff-senteret (Rådet for folkemusikk og folkedans) Undervisninga er delt mellom sjølvstudering og fire samlingar i Vågå/ Trondheim. To kull med totalt 40 studentar har gjennomført studiet og sju studentar er i gang i dette skuleåret. 15 studiepoeng.

### "Innføring i norsk folkedans"

er òg eit samarbeid mellom FOLK, NTNU-videre og Rff-senteret. Sistnemnde administrerar studiet. Undervisninga er delt mellom sjølvstudering og to samlingar i Trondheim. Det er femte året dette kurset vert halde. Totalt har meir enn 100 studentar vore innom studiet. Skuleåret 05/06 er ni elevar i gang med studiet. 15 studiepoeng.



HATS har saman med Høgskolen i Tromsø gjennomført fire kurs på høgare nivå. Til saman var det 63 deltakarar på dei fire kursa som gjekk over 60 timar.

Vestnorsk kulturakademi har saman med Universitetet i Bergen gjennomført tre kurs i matkultur og lokalkultur. Kursa gjekk over 285 timar og hadde til saman 35 deltakarar. Desse kursa gjev også studiepoeng.

	Kurs	Deltakarar	Timar
<b>Delt etter organisasjon</b>			
Folkekulturforbundet	6	87	316
HATS	4	63	60
Vestnorsk kulturakademi	3	35	285
<b>Delt etter fylke</b>			
Oppland	4	60	260
Hordaland	3	35	285
Sør-Trøndelag	2	27	56
Troms	4	63	60

## Kapittel 6:        Prosjekt

### ”Folkekultur for alle”

Prosjektet rettar merksemd mot arbeidet med å nå folk som til vanleg ikkje søker seg på kurs. Målet er å stimulera til at laga arbeider målretta mot denne gruppa. Prosjektet har resultert i eit nettverk av personar i organisasjonane som arbeider med dette. Det har òg resultert i aukåkønkret kursaktivitet for særlege målgrupper.

Trine Thommessen er prosjektleiar for prosjektet som starta i 2003 og avslutta i 2005.



### ”Frivillighetens læringslandskap”

Prosjektet består av to delar. Del ein går ut på å dokumentere utvalde kurs og studiering gjennomført i Folkekulturforbundets medlemsorganisasjonar. Denne delen vert gjennomført saman med hovudfagstudent Trine Thommessen.

I andre del av prosjektet har vi saman med Voksenopplæringsforbundet fått nordiske middel til :

1. Å utvikle ny kunnskap og auka medvit om dei frivilljuge kulturorganisasjonane sin kunnskapsproduksjon og læringsformene deira.

2. Å utvikle metodar og omgrep som gjør det mogleg for dei frivilljuge organisasjonane sjølve å henta inn kunnskap om læringsformar, frå eigne læringsaktivitetar

3. Å formidle denne kunnskapen til andre deler av vaksenopplæringsmiljøet, pedagogiske fagmiljø og utdaningspolitikere

Prosjektet har fleire samarbeidspartnarar.

### Leonardo: From Head to Toe

Folkekulturforbundet er prosjektleiar for ”From Head to Toe”, eit europeisk Leonardo da Vinci-prosjekt med oppstart i oktober 2005 og avslutning i september 2007. Mette Vårdal er vår prosjektleiar. Prosjektet har åtte andre partnarar i seks land: Noreg, Estland, Storbritannia, Bulgaria, Spania og Tyrkia. I Noreg er Møre og Romsdal fylkeskommune og Handverkbedriftenes landsforbund med i tillegg til FOLK.

Målet med prosjektet er å utvikle ei modulbasert handverksopplæring i tradisjonelle handverksfag knytt til påkledning. Prosjektet starta hausten 2005 og er i startfasen.

#### Kva er Leonardo

Leonardo da Vinci-programmet er EU sitt handlingsprogram for yrkes- og profesjonsutdanning på alle nivå. Programmet arbeider mot kompetanseheving i offentlege og private verksemdar. Prosjekta som får stønad frå programmet kan vere både innfor og utanfor det etablerte utdanningssystemet. "From Head to Toe" er eit pilotprosjekt under programmet. Eit pilotprosjekt har som mål å utvikle nyskapande opplæringsprodukt eller -metodar.

Prosjektet har partnarar frå Litauen, Noreg, Polen, Slovakia, Slovenia og Storbritannia.

Folkekulturforbundet er prosjektet sin koordinator og har engasjert Trine Thommessen som prosjektleiar. Norske deltakarar er Norges Husflidslag og Arendal Voksenopplæring. Den første prosjektsamlinga var på Sundvolden 23.-27. oktober 2005.

#### Grundtvig: Inkludering i praksis

Folkekulturforbundet er med i Grundtvig-prosjektet "Social Inclusion in Action" med norsk namn "Inkludering i praksis". Målet for prosjektet er å endre haldningar og bidra til inkludering i lokalmiljøa. Dette skal ein gjere ved å utvikle og lære metodar for å motivere både majoritetsdominerte organisasjonar og ulike minoritetar.

Målgruppa er etniske minoritetar, funksjonshemma og sosialt marginaliserte grupper og medlemmer av frivillige organisasjonar, lokalmiljøgrupper og tilsette i institusjonar.

#### Kva er Grundtvig

EU har eit program for samarbeid om utdanning; Sokrates-programmet. Grundtvig er delprogram under Sokrates med vaksenopplæring som felt. Programmet vert administrert av Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU) SIU er eit statleg forvaltningsorgan under utdanningsdepartementet og held til i Bergen. Grundtvig støt prosjekt der institusjonar og organisasjonar frå ulike europeiske land utvekslar kunnskap og erfaringar. Prosjekta utviklar verktøy som vaksenopplæringa har nytte av.

Vågå/Oslo april 06  
Styret i Folkekulturforbundet

Marit Jacobsen, Tore Friis-Olsen, Trine Kahrs, Grete Seppola, Hallvard Julseth